

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: torsdag 8. september 2016
Tid: kl. 18.00
Sted: Kårstørommet, Tysvær rådhus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf. 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil bli lagt ut på kommunen si nettside www.tysver.kommune.no og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen v/skulesjef er invitert for å orientere i sak 14/16.


Saksliste:

- 13/16 Godkjenning av protokoll frå møte 23.05.16
- 14/16 Orientering frå administrasjonen – skulesjefen
- 15/16 Revisor si egenerklæring 2016
- 16/16 Prosjektmandat - forvaltningsrevisjon - «Kvalitet i læringa i skulane»
- 17/16 Oppfølging av selskapskontroll – Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS
- 18/16 Budsjett 2017 – Kontroll og tilsyn – utvalet sitt framlegg
- 19/16 Referat- og orienteringssaker 08.09.16

Eventuelt

Aksdal, 01.09.16

Arne Gjerde (sign.)
utvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sak 14/16)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	08.09.16	13/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 23.05.16

Vedlegg: Protokoll fra møte 23.05.16

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 23.05.16 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 23.05.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 29.08.16

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **23. mai 2016** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Øystein Susort.

MØTESTAD:	Kårstørommet, Tysvær rådhus
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 21.05
MØTANDE MEDLEMMER:	Øystein Susort (KrF), Arne Gjerde (H), Linda Ånderå Bokn (V), Karsten A. Larsen (FrP) og Åse Paulsen (A)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS, Forvaltningsrevisor Kari Hesjedal, KPMG AS, Bergen, i sakene 10/16 og 11/16
ANDRE SOM MØTTE:	Personal- og org.sjef Kristin Helle i sak 6/16 Økonomisjef Tor Leif Helgesen i sak 7/16 og 8/16 og leiar økonomi drift Leni Christensen i sak 8/16
MERKNADER TIL INNKALLING	Årsmelding og dokumenta på pdf-fil kom seint. Utvalet ønske ei betring av rutinane.
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Sakene blei handsama i følgjande rekkjefølgje: 6, 7, 8, 11, 12, 5, 9 og 12/16. Utvalsleier varsla ei orientering under Eventuelt

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 5/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 09.02.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 23.05.16:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.05.16:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 09.02.16 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 6/16 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN- PERSONAL- OG ORGANISASJONSSJEFEN – STAB/STØTTE

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tek personal- og organisasjonssjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 23.05.16:

Personal- og organisasjonssjef presenterte seg sjølv og fortalte om sitt ansvarsområde og sine arbeidsoppgåver ved at ho gjekk gjennom si portefølje. Det var ikkje sendt spørsmål eller bestemt tema i forkant. Kommunen har ca. 900 årsverk, fordelt på ca. 1200 tilsette og dei med engasjement. Ho framheva spesielt arbeidet med å bygge kommunedekkande system og ikkje minst kultur. Siste medarbeidarundersøking ligg an til å få ein svarprosent på nær 80 %. Dette var svært bra. Utvalet kom med spørsmål knytte opp mot høgt sjukefråver, stillingar utfordringar og innsparingsvedtak. Utvalet takka for god orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.05.16:

Tysvær kontrollutval tek personal- og organisasjonssjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

SAK 7/16 EIGARSKAPSKONTROLLEN I TYSVÆR KOMMUNE

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om eigarskapskontrollen i Tysvær kommune til orientering

Handsaming i kontrollutvalet 23.05.16:

Det var ikkje mottatt skriftleg tilbakemelding før møtet slik utvalet hadde bede om. Økonomisjef opplyste at kommunen pr. i dag ikkje har nokon skriftleg eigarskapsmelding. Dette jobba dei med no. Det ville bli laga samla oversyn over alle selskap, deira formål eigarform, nøkkeltal m.m. Meldinga skal bli lagt fram til politisk handsaming i august/september. Dei nytta malen frå KS, som òg nabokommunar hadde nytta.

Utvalet kom med kommentarar rundt kva rolle/oppgåve ein har som representant, kompetansekrav til representant/styrekandidatar, rapporteringsrutinar og godtgjering til representantskapa. Økonomisjefen ville ta innspela med seg, og sjå om dei ikkje bli teken inn i meldinga. Utvalet var nøgd med at dette arbeidet no endeleg var sett i gong.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.05.16:

Tysvær kontrollutval tek rådmannen v/økonomisjefen si tilbakemelding om eigarskapskontrollen i Tysvær kommune til orientering

SAK 8/16 UTTALE TIL TYSVÆR KOMMUNE SITT ÅRSREKNESKAP 2015

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskapen 2015 slik den ligg føre/med desse endringane/tillegga.

Handsaming i kontrollutvalet 23.05.16:

Utvalssekretær innleia. Årsmeldinga var motteken og sendt ut på e-post 20.05, og var nå kopiert opp til medlemmene. Økonomisjefen opplyste at denne ville komme tidlegare neste år. Han orienterte så om rekneskapstala. Årsresultat på 15,21 mill. kr er klart betre enn i fjor, og skyldast mellom anna lågare pensjons- og renteutgifter enn forventa. Det var størst utfordringar i følgje han, innan VAR, brann og dei ulike vaktordningane. Den totale gjeldssituasjonen er stabil, og i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

Økonomisjefen svara på spørsmål knytte til bruk av ulik resultatbegrep: det eine vert nytta i KOSTRA-rapportering og det andre til kommunestyret for å vise kommunens sitt reelle handlingsrom.

Utvalet var ikkje nøgd med sein utsending av årsmelding. Utvalet viste til krava i kommunelova om frist og spesifikt innhald i ein «årsberetning» (§ 48 pkt. 5). Økonomisjefen lova å betre dette til neste år og sjå til andre.

Det var avlevert ein rein revisjonsmelding, og revisor hadde ikkje funne grunnlag for årsoppgjersbrev dette året.

Utvalet hadde spørsmål om revisor sin kommentar rundt berekning av avdrag på lån som var peika på i tidlegare årsoppgjersbrev. Økonomisjef forklarte at dei nytta ein «forenkla» modell i staden for «reknearkmodellen», då dei meinte den gav eit meir rett bilete. Utvalet og revisor meinte det hadde vore greitt om det hadde vore med ei note i rekneskapen med grunngjeving av val av modell. Økonomisjefen støtta dette.

Nestleiar etterlyste i nøkkeltal-analysen kap. 1.6 og 1.7 om sparekrav, at desse også blei presentert i tal, og ikkje berre i prosent. Økonomisjef gjorde merksam på at pr. 15.03 er KOSTRA-tala berre førebels. Dei er endelege fyrst 15.06 og nyttast då i budsjettssamanheng og til haustens strategikonferanse.

Utvalsleiar etterlyste meir informasjon om kommunen sine pensjonsforpliktingar og den reelle refinansieringsrisikoen for gjennomsnittlig løypetid på kommunen sin låneportefølje.

Utvalet hadde elles ingen merknader til framlegg til uttale.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.05.16 og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kontrollutval vedtek slik uttale til årsrekneskapen 2015:

Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2015 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 15,2 mill. kr (etter avsetjing av driftsmidlar til investeringar og fond i samsvar med budsjett).

Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 37,1 mill. kr, som utgjer 3,1 % av driftsinntektene. I eit korrigert netto driftsresultat utgjer det 37,8 mill. kr, nær 4 % av driftsinntektene inklusiv renter og fråtrekk frå avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2015, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2015 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2015 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.15.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet ytterlegare merknader til Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2015.

SAK 9/16 OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK MED MEIR (M.M.)

Handsaming i kontrollutvalet 23.05.16:

Utvalssekretær gjorde merksam på saka innehaldt fleire tema, og at overskrifta dermed ikkje var heilt dekkande. Ho gjorde framlegg at den fekk eit tillegg om «*med meir(m.m.)*». Utvalet slutta seg til det.

Som oppfølging og handsaming av sak, som blei tatt opp av utvalsleiar under Evt. i førre møte, viste nestleiar til sine innsendte innspel. Utvalet slutta seg til hans spørsmål basert på utvalsleiar sitt framlegg om oppfølging av politiske vedtak. Utvalet ønskte skriftleg tilbakemelding i god tid før innkalling til utvalsmøtet og at rådmannen møtte i septembermøtet.

Utvalsleiar sitt innspel om delegasjonsreglementet og om publisering av postlister m.m. slutta også utvalet seg til. Delegasjonssaka meinte utvalet at rådmannen kunne gje tilbakemelding på til februar møtet.

Spørsmåla om publisering av postlister, protokollar osv. ønskte utvalet tilbakemelding når det har gått 3 månader etter kommunen sitt tilsvar på statsarkivet sin rapport og pålegg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.05.16:

I

Tysvær kontrollutval ber om ei tilbakemelding frå rådmannen til neste møte på følgjande spørsmål:

- 1a) Korleis blir politiske vedtak følgt opp i dag?*
- 1b) Kva blir gjort dersom vedtak ikkje blir gjennomført – heilt eller delvis – slik det var føresetnaden i vedtaket?*
- 2) Korleis blir oversendingsforslag frå et politisk organ følgt opp?*
- 3) Finst det eit oversyn over saker som heilt eller delvis ikkje er følgt opp, med tidspkt. for vedtak, og plan for når desse blir gjennomført, ev. dato for nytt, endeleg vedtak?*

Skriftleg tilbakemelding ønskjer utvalet sendt til sekretariatet innan 30. august 2016 og at rådmannen møter i møtet 6. september.

II

Tysvær kontrollutval ber om ein tilbakemelding frå rådmannen på følgjande spørsmål:

- 1. Kva rapporteringsrutinar som finnast i dag til politiske utval for at desse er orienterte om saksomfang, vedtaksrutinar og avgjerslenivå i forhold til bruk av delegasjonsreglementet?*
- 2. Er det nedfelt skriftlege fullmaktar og delegasjonsreglement frå rådmann og vidare ned i organisasjonen*

Skriftleg tilbakemelding ønskjer utvalet sendt til sekretariatet innan 30. januar 2017 og at rådmannen møter i februarmøtet.

III

Tysvær kontrollutval ber om ein tilbakemelding frå rådmannen på følgjande spørsmål:

- *Skriftlege rutinar og praksis rundt publisering, tilgjengelegheit og innsyn i postlister,*
- *Skriftlege rutinar og praksis rundt utsending og offentleggjing av politiske saker til handsaming, og tilhørande protokollar,*
- *Skriftlege rutinar og praksis rundt korrespondanse og saker som ikkje er offentlege.*

Det vil være naturleg å avvente gjennomgangen til etter at kommunen har gjeve sitt svar på statsarkivet sin rapport etter tilsynet i 2016 , og at tilbakemeldinga finn stad innan 3 månader etter svar er sendt. Skriftleg tilbakemelding ønskjer utvalet sendt til sekretariatet i forkant av møtet.

SAK 10/16 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016- 2020

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 slik den ligg føre/med desse endringane/tillegg og med følgjande prioriteringar:

1.
2.
3. osv.

Kommunestyret gjer kontrollutvalet mynde til å endre planen i planperioden.

Handsaming i kontrollutvalet 23.05.16:

Forvaltningsrevisor Kari Hesjedal, KPMG orienterte om deira arbeid med den overordna analysen og ho forklarte bakgrunn for dei vurderingane som var gjort. Vidare presenterte ho revisjonen sitt framlegg til område for forvaltningsrevisjon.

Medlemmene drøfta framlegga, og meinte det her var tatt inn mange gode område. Utvals-medlemmene kom så med sine framlegg til prioriteringar. Utvalet drøfta framlegga og blei samd i å sette følgjande tre prosjekt som prioriterte: 1)kvalitet på opplæringa i skulane, 2)økonomistyring og 3) kvalitet/ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene. Dei andre ni område ønskte dei å la stå i uprioritert rekkjefølgje.

Utvalet ønske å komme i gang med fyrste prosjekt så snart som mogleg. Forvaltningsrevisor meinte dei kunne levere utkast til prosjektmandat til fyrste møte til hausten. Utvalet var samd vedta bestilling under føresetnad av at planen blei vedteken i juni.

Revisor vil oppdatere planen før den vert sendt til kommunestyret for endeleg handsaming.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.05.16:

Tysvær kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt prioritert som nr 1 til neste møte, under føresetnad av at planen blir godkjent av kommunestyret i juni.

og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 slik den ligg føre og med følgjande prioriteringar:

- 1. Kvalitet på opplæringa i skulane**
- 2. Økonomistyring – herunder handtering av**
 - usikkerheit knytt til framtidig inntektsgrunnlag /
 - realisering av innsparingsvedtak
- 3. Kvalitet/ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene**
 - Styring av investeringsprosjekt / avgjerdsgrunnlag for investeringar
 - Etterleving av lovkrav innan barnevernstenesta
 - Informasjonssikkerheit og handsaming av personopplysningar
 - Kommunen sin omstillingsevne
 - Etterleving av lovpålagte oppgåver i brannvesenet
 - Ivaretaking av nye oppgåver etter Samhandlingsreformen
 - Etterleving av regelverk innanfor sosiale tenester i NAV – kommunal del
 - Tenestetilbod/kvalitet i høve til behovet innanfor rus- og psykiatritenestene
 - Strategisk kompetansestyring
 - Vedlikehald – oppfølgingsrevisjon

Kommunestyret gjer kontrollutvalet mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

SAK 11/16 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2016- 2020

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kommunestyret vedtar Plan for selskapskontroll 2016-2020 slik den ligg føre/ med endringar/tillegga.

Kontrollutvalet får delegert mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

Retningslinjer for selskapskontroll i Tysvær kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006, med endring i pkt. 10 når det gjeld årleg innsending av firmaattest.

Handsaming i kontrollutvalet 23.05.16

Forvaltningsrevisor Kari Hesjedal gjorde greie for prosessen med overordna analyse for selskapskontroll og framlegg til plan.

Utvalet drøfta framlegget og blei samd om å prioritere eit selskap for andre: Karmsund Havn IKS, og å sette dei andre selskapa/tema som uprioriterte. Revisor vil oppdatere planen før den vert sendt til kommunestyret for endeleg handsaming.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.05.16 og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyret vedtar Plan for selskapskontroll 2016-2020 slik den ligg føre og med følgjande prioriteringar:

1. Karmsund Havn IKS

- *Generell selskapskontroll med Tysvær kommune si eigarstyring*
- *Krisesenter Vest IKS*
- *Haugaland Vekst IKS*
- *Haugalandspakken AS*

Kontrollutvalet får delegert mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

Retningslinjer for selskapskontroll i Tysvær kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006, med endring i pkt. 10 når det gjeld årleg innsending av firmaattest.

SAK 12/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 23.05.16

17. Statusrapport pr. mai 2016
18. K-styrevedtak 12.04.16, sak 14/16 – Forvaltningsrevisjonsrapport – Internkontroll
19. Signert avtale – Anbud på revisjonstenester 2016-2020
20. Kontrollrapport 2015 fra Skatteetaten – skatteoppkrevjarfunksjonen- Tysvær kommune
21. Framlegg til ny kommunelov - NOU 2016:4 Ny kommunelov
22. KMD - høyringsbrev – frist 06.10.16 for uttale
23. Representantskapsmøte 25.04.16 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
24. Representantskapsmøte 27.04.16 – Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS
25. Representantskapsmøte 29.04.16 – Haugaland Vekst IKS
26. Representantskapsmøte 23.05.16 – Krisesenter Vest IKS
27. Representantskapsmøte 25.05.16 – HIM IKS
28. Representantskapsmøte 06.06.16 – Haugaland Kraft AS
29. FKT-konferansen 7.-8. juni – Karsten A. Larsen påmeldt

Handsaming i kontrollutvalet 23.05.16:

17. Sekretær gjorde greie for statusrapport.
20. Utvalsleiar ønskte innsyn i skattekontoret sitt pålegg og tilrådingar og kommunen si tilbakemelding. Utvalet hadde inga merknader. Det blir tatt med som referatsak til neste møte.

29. Frå Haugalandet deltek 8 medlemmer frå 7 kommunar og ein frå sekretariatet. Karsten A. Larsen bad om ei oversyn over påmeldte. Sekretariatet lova å sende den ut.

Utvalet hadde ingen merknader til dei andre referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.05.16:

Kontrollutvalet tar referatsakene 17-29 til orientering.

EVENTUELT

Val av nytt kontrollutval

Utvalsleiar orienterte utvalet om at han vil flytte frå kommunen 01.08.16 og har søkt fritak frå politiske verv frå denne dato. Sak om val av nytt kontrollutval vil bli lagd til kommune-styremøtet i juni. Dette var altså hans siste møte. Han syntest det var synd, då det var mykje han meinte utvalet kunne arbeide vidare med, og at det hadde vore godt samarbeid og diskusjonar.

Nestleiar takka utvalsleiar for samarbeidet og den korte tida han hadde vore leiar, og ønskte han lykke til vidare i sørfylket.

Neste møte

Neste møtedato er sett til tysdag **6. september.**

Aksdal, 23. mai 2016

Øystein Susort (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	08.09.16	14/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – SKULESJEFEN

Bakgrunn:

Kontrollutvalet vedtok i møtet 09.02.16, sak 3/16 å sette opp ein plan for orientering om resultatalaområda og stabsfunksjonane i kommunen i møta fram. Vedtaket var mellom anna følgjande:

Tysvær kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatatområda og stabsfunksjonane:

Møtet 23.05.16 omsorgssjef Annbjørg Lunde
Møtet 06.09.16 personal- og organisasjonssjef Kristin Helle
Møtet 15.11.16 skulesjef Eli Krokedal

....

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står over for. Planen blei oversendt rådmannen 14.02.16.

Det framgikk i brevet at tidspunkta kunne endrast/byttast for dei inviterte. Det er tidlegare gjeve melding om at dei to fyrste inviterte ønskte å bytte dato, slik at Kristin Helle møte i mai og Annbjørg Lunde skulle møte i september. Lunde har seinare meldt forfall og rådmannen har så bestemt at Eli Krokedal møter til dette møter som representant for rådmannen.

Utvalet blei samd i at orienteringa skulle vere på ca. 20 minutt og deretter spørsmål. Utvalet kunne kome med innspel på emne og spørsmål via sekretariatet seinast ei veke før møtet, men helst så tidleg som mogeleg slik at dei inviterte kunne førebu seg.

Sekretariatet ser gjerne at det vert orientert om sterke og svake sider ved kommunen og kva utfordringar Tysvær kommune står ovanfor.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tek skulesjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

Aksdal, 29.08.16


Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	08.09.15	15/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2016

Vedlegg: Revisor si eignerklæring, dagsett 26.08.16

Saksorientering:

Kommunelova § 79 og forskrift om revisjon (revisjonsforskriftene) kap. 6 (§§ 13 – 15) slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal være uavhengig til den reviderte verksemd.

Forskriftene slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet. Ifølgje kommunelova § 79 skal den som foretar revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ein slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisor si sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskriftene §§ 13 og 14 noe om dei krav som vert stilt for at revisor skal være uavhengig, og dei begrensninger som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Vurdering:

I følgje revisjonsforskriftene § 15 skal oppdragsansvarleg revisor **årleg**, og elles ved behov, gje **ein skriftleg eignerklæring** av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar å leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Statsautorisert revisor Roald Stakland i KPMG gjer greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i revisjonsforskriftene. Det går fram at det ikkje ligg føre noe som tilseier at han ikkje er uavhengig når det gjeld forholdet til Tysvær kommune. Fråsegna vert gjeve på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men takast til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tar den framlagde eignerklæring for 2016 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland, KPMG AS til orientering.

Aksdal, 29.08.16



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



KPMG AS
Karmsundgata 72
N-5529 Haugesund

Telephone +47 04063
Fax +47 52 70 37 70
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

VEDLEGG
SAK 15/16

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 22.08.16
Journalført: 16/271/Ha
Arkivkode: 33

Tysvær kommune

Egenvurdering av uavhengighet, jf forskrift om revisjon § 15

Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i kommunen eller i virksomhet som kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges (dvs. kommunens) egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold

Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.

Pkt. 2: Medlem i styrende organer

Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.

Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit

Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.

Pkt. 4: Nærstående

Undertegnede har ingen nærstående som har slik tilknytning til Tysvær kommune at det kan svekke uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet

Undertegnede yter ikke rådgivnings- eller andre tjenester overfor Tysvær kommune som er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet

Pkt. 6: Tjenester under Tysvær kommunes egne ledelses- og kontrolloppgaver

Undertegnede yter ikke tjenester som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.

Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige


Undertegnede opptre ikke som fullmektig for Tysvær kommune.

Pkt. 8: Andre særegne forhold

Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til min uavhengighet og objektivitet.

Haugesund, 19.08.2016

KPMG AS



Roald Stakland

Statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	08.09.16	16/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – «KVALITET I OPPLÆRINGA I SKULANE»

Vedlegg: KPMG: Utkast til prosjektplan- «Kvalitet i opplæringa i skulane»,
(to versjonar, med og uten sladd s. 4 som er ikkje off., Offl § 13/Forv.§ 13)

Saksorientering:

I møte 23.05.16, sak 10/16 ba kontrollutvalet KPMG om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsprosjekt prioritert som nr 1 til neste møte, under føresetnad av at planen blir godkjent av kommunestyret i juni. Utkast til plan blei oversendt sekretariatet 30.08.16.

Bakgrunn

Temaet har fyrsteprioritert i Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020. Planen blei vedteken av kommunestyret 21.06.16, sak 40/16.

Føremål og problemstillingar

Revisor foreslår i det vedlagte utkast til prosjektmandat at føremålet med prosjektet vil vere:

☐ *Undersøke i kva grad skulane v/ skuleleiinga gjennomfører jamleg skulebasert vurdering i tråd med forskrift om opplæring, og i kva grad verktøy vert nytta av skulane i kvalitetsarbeidet*

☐ *Undersøke i kva grad resultatmåla for skulane i strategiplanen for 2016- 2020 vert oppfylt*

Forvaltningsrevisjonen har eit forbedringsperspektiv, og skal identifisere eventuelle forbedringsområde og foreslå tiltak for forbedring.

Forvaltningsrevisjonen vil gje svar på fylgjande tre hovedproblemstillingar:

- 1. I kva grad tek skulane i vare krav til skulebasert vurdering i forskrift om opplæring § 2-1?*
- 2. I kva grad nyttar skulane verktøy i kvalitetsvurdering og skuleutvikling?*
- 3. I kva grad vert resultatmåla for skulane i strategiplan 2016- 2020 oppfylt?*

Når det gjelde problemstilling 3 så vert det understreka at det ikkje er eit krav at resultatmåla skal vere nådd hausten 2016. Resultatmåla skal nåast innan strategiperioden 2016-2020, og i tråd med utviklingsplanene til kvar einskild skule.

Forvaltningsrevisjonen vil derimot gje informasjon om staa i høve til realiseringa av resultatmåla i skulane, og identifisere eventuelle forbedringsområde- og tiltak i arbeidet med å oppfylle resultatmåla.

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på 200 timar. Timane er innanfor det som kommunestyret har sett av i budsjettet til forvaltningsrevisjon i 2016.

Av medtode er nemnt dokumentinnsamling og bruk av intervju.

Når det gjeld aktivitets- og framdriftsplan har KPMG tidlegare bede om at det ikkje vert gjort offentleg, då den syner selskapet si disponering av ressurar. Sekretariatet har teke dette ut på side 4 med heimel i Off.love § 13/Forv. Lov § 13 og legg den berre fram i møtet.

KPMG skriv at oppstart vil vere i september, datainnsamling i oktober og november.. Rapportskriving og høyring av rapporten vil skje i desember, med levering av endeleg rapport i veke 3 på nyåret. Utvalet skal ha fyrste møte på nyåret i februar og rapporten vil då bli lagd fram for kommunestyret i mars.

Kontrollvalet må før endelig bestilling ta stilling til om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet ” Kvalitet i opplæringa i skulane ” i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/ evt. med desse endringane:

Ramma vert sett til 200 timar.

Aksdal, 31.08.16

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



VEDLEGG
SAK 16/16

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 30.08.16
Journalfort: 16/294/tha
Arkivkode: 216

Kvalitet i opplæringa i skulane

Prosjektplan forvaltningsrevisjon
Tysvær kommune

30.8.2016

www.kpmg.no

Innhold

1. Innleiing	1
1.1 Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt	1
1.2 Bakgrunn	1
1.3 Førebuing	1
2. Føremål	3
2.1 Føremål og avgrensing	3
2.2 Problemstillingar	3
2.3 Revisjonskriterier	3
3. Tilnærming	4
3.1 Metode	4
3.2 Aktivitets- og fremdriftsplan	4
4. Revisjonsteam	2
5. Honorar	3
6. Vedlegg	4

1. Innleiing

1.1 Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt

Kontrollutvalet i Tysvær kommune har i møte 23.5.2016 sak 10/16 vedteke å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt om "Kvalitet i opplæringa i skulane", og har bedt KPMG om å utarbeide ein prosjektplan.

1.2 Bakgrunn

Forvaltningsrevisjonsprosjektet "Kvalitet i opplæringa i skulane" er eit område i Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, som vart vedteke i kommunestyret 21.6.2016 sak 40/16. I den overordna analysen til planen går det mellom anna fram:

"Mangelfull/varierende kvalitet i grunnskulen blei identifisert å vere blant dei største risikoområda. Generelle årsakar til risiko kan vere at det ikkje er nok planmessig arbeid med kvalitet i skulen, og at det er manglande standardiserte rutinar og ulik praksis i dei ulike skulane. Ein konsekvens kan vere at nokon innbyggjarar får dårlegare opplæring/kunnskap enn andre."

1.3 Førebuing

I arbeidet med utarbeiding av prosjektplanen, har KPMG gjennomført ein prosess for å konkretisere føremål og problemstillingar i forvaltningsrevisjonen. I prosessen har vi mellom anna gjennomgått dokumentasjon (sjå vedlegg) om kvalitetsarbeid i skulen, og hatt samtale med skuleeigar v/ skulesjefen i Tysvær kommune. Under er ein omtale av kva kvalitet er, sentrale krav til kvalitetsarbeid i grunnskulen, og arbeid med kvalitet i opplæringa i skulane i Tysvær kommune. Til slutt er ei oppsummering av kva føremål forvaltningsrevisjonen bør ha for å svare ut tinginga frå kontrollutvalet.

Kvalitet i grunnopplæringa vert kjenneteikna av i kva grad dei ulike måla for grunnopplæringa faktisk vert realisert (St. Melding nr. 31 2007-2008 Kvalitet i skulen). Måla for grunnopplæringa vert konkretisert i opplæringslova med forskrifter og læreplanverket.

Tysvær kommune har system for kvalitetsvurdering og skuleutvikling for å bidra til at måla for grunnopplæringa vert nådd (Tilstandsrapport for Tysvær skulen 2014- 2015). Sentral i system for kvalitetsvurdering er Forskrift til opplæringslova § 2-1 og kravet om at kvar skule v/ skuleleiinga jamleg skal vurdere i kva grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa medverkar til å nå måla. Utdanningsdirektoratet har utbreidd rettleiar for denne skulebaserte vurdering. Sentralt i vurderinga er:

- ✓ Å velge tema for vurderinga basert på resultatet til skulen og måloppnåing for elevane
- ✓ Å vurdere om det er behov for endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa for å sikre og betre kvaliteten i opplæringa
- ✓ Å følge opp eventuelle endringar som skulen finn naudsynt å gjennomføre
- ✓ Å sørge for medverknad for lærarar og andre i vurderinga og gjennomføringa av endringar

Gjennomføring av den skulebaserte vurderinga er eit sentralt underlag for kommunen sin årlege rapport om tilstanden i skulen.

Tysvær kommune nyttar ulike verktøy i arbeidet med å sikre og kontinuerlig betre kvalitet i opplæringa i skulane. I kvalitetsvurderinga vil det å samanstille informasjon og data for å vurdere tilstanden internt på ein skule vere viktig. Eit godt kunnskapsgrunnlag er naudsynt for å fastsette mål, prioritere tiltak og følge opp utviklinga slik at elevene får eit godt læringsmiljø og betre læringsutbytte. Å nytte verktøy til å samle og

analysere informasjon og resultat er viktig hjelp i det systematiske arbeidet med kvalitet i opplæringa. Nokre sentrale verktøy i skulane i Tysvær kommune er:

- ✓ **VOKAL:** Eit verktøy til bruk for samanstillingar av vurderingar og kartleggingar i skulen, som underlag for å tilpasse undervisninga til elevane
- ✓ **PULS:** Eit verktøy for systematisk kvalitetsarbeid i skulane, som var teken i bruk i 2015. Skuleeigarnivå og nokre skular har brukt verktøyet. PULS samlar inn alle resultat frå ulike kartleggingar og undersøkingar som skulane tek del i. Til dømes nasjonale prøvar, eksamensresultat, elevundersøkinga og foreldreundersøkinga. Våren 2016 er målsettinga at PULS skal bli ein del av den daglege kvalitetsleiing på alle skulane
- ✓ **Stådstadsanalysen:** Eit verktøy for kvalitetsvurdering og skuleutvikling til bruk på skulenivå. Målet er å skape felles refleksjon over praksis og kva for område skulen vil prioritere i utviklingsarbeidet sitt. Personalet skal involverast i analysearbeidet. Det er tre skular som som deltek i eit prosjekt (Læringsmiljøprosjektet) og desse er pålagt å bruke Ståstadanalysen. Nokre av dei andre skulen har prøvd ut verktøyet, men ikkje alle
- ✓ **Kvalitetssystemet** i kommunen har prosedyrar og rutinar for skulane

Forvaltningsrevisjonen kan undersøke i kva grad skulane v/ skuleleiinga gjennomfører jamleg skulebasert vurdering i tråd med forskrift om opplæring og rettleiar frå Utdanningsdirektoratet. Samstundes kan revisjonen undersøke i kva grad verktøy vert nytta i arbeidet med kvalitetsutvikling.

I tillegg til det kontinuerlege arbeidet med å sikre kvalitet i opplæringa, har kommunestyret i Tysvær kommune i møtet 10.5.2016 sak 23/16 vedteke ny 4-årig strategiplan for skulane. Strategiplanen er basert på tilstandsrapporten for 2014-2015 og fastset mål og strategiar for å forbedre og sikre kvalitet i opplæringa i skulane. Strategiplanen er grunnlagsdokumentet for arbeidet med kvalitet i skulen i åra som kjem. Strategiplanen syner tre satsningsområder for å auke kvaliteten i skulanene, med tilhøyrande mål og strategiar for å nå måla. Alle tre satsningsområder er retta inn mot kompetanseheving:

- ✓ **Satsningsområdet 1:** Handlingskompetanse i å lære, samhandle, kommunisere og delta
- ✓ **Satsningsområdet 2:** Kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta med fokus på eit trygt psykososialt skulemiljø
- ✓ **Satsningsområdet 3:** Fagspesifikk kompetanse i realfag - med fokus på matematikk

Til kvart satsningsområde er det oppstilt resultatmål for skulane/skuleleiinga med tilhøyrande strategiar for å nå måla. I vedlegg til planen er satsningsområde, resultatmål og strategiar lista.

Strategiane og måla i planen skal konkretiserast i dei årlege utviklingsplanene til skulane. Skulane startar opp arbeidet med utviklingsplanar hausten 2016. Dette inneber at skulane på tidspunktet for gjennomføringa av forvaltningsrevisjonen vil vere i oppstarten av arbeidet med realisering av strategiplanen. Samstundes er måla og strategiane ikkje nye og ukjende for skulane. Forvaltningsrevisjonen kan difor og undersøke i kva grad måla og strategiane vert teken ivare av skulane per hausten 2016 for å sikre kvalitet i opplæringa, og identifisere eventuelle forbedringsområder. Ei slik undersøking vil gje styringsinformasjon til kontrollutvalet og kommunestyret mhp status i arbeidet med å gjennomføre måla.

Oppsummert føreslår revisor at forvaltningsrevisjonen både ser på i kva grad skulane v/ skuleleiinga gjennomfører jamleg skulebasert vurdering i tråd med forskrift om opplæring, og undersøker i kva grad skulane oppfyller resultatmåla i strategiplanen for 2016- 2020. Forvaltningsrevisjonen bør ha eit forbedringsperspektiv, og identifisere eventuelle forbedringsområde og føreslå tiltak for forbedring. Eventuelle. forbedringstiltak skal forankrast hjå skuleeigar i et slutt møte i forvaltningsrevisjonen, kor resultatet av revisjonen vert gjennomgått.

2. Føremål

2.1 Føremål og avgrensing

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å:

- ✓ Undersøke i kva grad skulane v/ skuleleinga gjennomfører jamleg skulebasert vurdering i tråd med forskrift om opplæring, og i kva grad verktøy vert nytta av skulane i kvalitetsarbeidet
- ✓ Undersøke i kva grad resultatmåla for skulane i strategiplanen for 2016- 2020 vert oppfylt

Forvaltningsrevisjonen har eit forbedringsperspektiv, og skal identifisere eventuelle forbedringsområde og føreslå tiltak for forbedring.

Reviderte einingar vil vere grunnskulen i kommunen v / skuleleinga. Endeleg utval av skular som vert omfatta av revisjonen vert gjort i samråd med skuleeigar. Det kan vere tenleg å inkludere både skular som lukkast godt og skular som opplev utfordringar i kvalitetsarbeidet. Dette for å få fram erfaringar på tvers av skulane, som kan bidra til læring mellom skulane.

2.2 Problemstillingar

Forvaltningsrevisjonen skal gje svare på fylgjande tre hovudproblemstillingar:

1. I kva grad tek skulane i vare krav til skulebasert vurdering i forskrift om opplæring § 2-1?
2. I kva grad nyttar skulane verktøy i kvalitetsvurdering og skuleutvikling?
3. I kva grad vert resultatmåla for skulane i strategiplan 2016- 2020 oppfylt?

Når det gjelde problemstilling 3 så vert det understreka at det ikkje er eit krav at resultatmåla skal vere nådd hausten 2016. Resultatmåla skal nåast innan strategiperioden 2016-2020, og i tråd med utviklingsplanene til kvar einskild skule. Forvaltningsrevisjonen vil derimot gje informasjon om ståa i høve til realiseringa av resultatmåla i skulane, og identifisere eventuelle forbedringsområder- og tiltak i arbeidet med å oppfylle resultatmåla.

2.3 Revisjonskriterier

Til problemstillingane vert det oppstilt revisjonskriteria. Revisjonskriteria er dei krav eller normer som tilstand og/eller praksis i kommune vert målt mot. Revisjonskriteria må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Ved val av revisjonskriteria vert det tatt utgangspunkt i oppstilte problemstillingar.

Aktuelle kjelder til å utleie revisjonskriteria vil i dette prosjektet vere:

- ✓ Forskrift til opplæringsloven § 2-1
- ✓ Strategiplan for 2016-2020 for resultatområde skule
- ✓ Kommunen sine krav til skulane om bruk av verktøy i arbeidet med kvalitet i opplæringa

3. Tilnærming

3.1 Metode

3.1.1 Dokumentanalyse

Vi vil samle inn dokumentasjon frå kommunen som er relevant i høve til temaet i denne forvaltningsrevisjonen. Dokumentasjonen vil bli gjennomgått og analysert opp mot revisjonskriterier. Dokumentasjon er sentralt for å verifisere om revisjonskriterier er oppfylt.

3.1.2 Intervju

Det vil bli gjennomført intervju med skuleeigar og skuleleiinga på eit utval av skulane i kommune. Personar som er aktuelle for intervju vil bli identifisert i samarbeid med skuleeigar/skuleleiinga.

Ved gjennomføring av intervju vil det bli utarbeida intervjuguidar. Frå kvart intervju vil det bli skrive referat som vert sendt respondentane til verifisering (gjennomlesing og eventuell korrigering). Svar frå respondentar vil bli analysert og samanstillt med øvrig dokumentasjonen. Våre funn vil deretter bli vurdert opp mot revisjonskriteriene.

3.2 Aktivitets- og fremdriftsplan

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan:

			August				September				Oktober				November				Desember				Januar			
Faser + aktiviteter	Ansvar	Timer	51	34	35	36	37	38	39	40	41	42	43	44	45	46	47	48	49	50	51	52	1	2	3	4
1 Forberede																										
1.1 Forundersøkelse	KPMG																									
1.2 Etablere prosjektplan	KPMG																									
1.3 Godkjenning prosjektplan i KU	KPMG																									
2 Starte opp																										
2.1 Sende oppstartsbrev	KPMG																									
2.2 Oppstartsmøte	KPMG																									
2.3 Dokumentliste	KPMG																									
2.4 Intervjuplan	KPMG																									
3 Gjennomføre		1																								
3.1 Dokumentanalyse	KPMG																									
3.2 Intervjuguide	KPMG																									
3.4 Intervju	KPMG																									
3.5 Analyse	KPMG																									
3.6 Kvalitetssikring	KPMG																									
3.7 Rapportutkast	KPMG																									
4 Rapport																										
4.1 Ferdigstille rapportutkast	KPMG																									
4.2 Høring rapportutkast (1-2 veke)	KPMG																									
4.3 Oversending av rapport	KPMG																									
4.4 Presentasjon KU	KPMG																									
		200																								

Aktivitets- og framdriftsplanen syner at arbeidet med forvaltningsrevisjonen kan starte opp i september, etter vedtaking av prosjektplanen i kontrollutvalet. I oktober – november vil vi samle inn og analysere. Rapportskriving og høring av rapporten vil skje i desember, med levering av endeleg rapport til kontrollutvalet sitt sekretariat seinast i veke 3 i 2017.

4. Revisjonsteam

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen er:

Direktør Ole Willy Fundingsrud

Prosjektleder Senior manager Kari Hesjedal

Prosjektdeltaker Senior associate Bjørg Rabbe Sandven

5. Honorar

Honorar for forvaltningsrevisjonen vert fastset i samsvar med avtalte timeprisar. Det er estimert inntil 200 timer til forvaltningsrevisjonen.

6. Vedlegg

Følgjande dokument er gjennomgått i arbeidet med prosjektplanen:

- ✓ Tilstandsrapport for Tysvær skulen 2014- 2015
- ✓ Strategiplan for 2016-2020 for resultatområde skule
- ✓ Læreplanverket
 - Generell del
 - Prinsipper i opplæringa
- ✓ St. melding nr. 31 2007- 2008 Kvalitet i skolen
- ✓ Tysvær kommune sin Kommuneplan 2015- 2027, samfunnsdelen
- ✓ Opplæringslova
- ✓ Forskrift til opplæringslova

Satsningsområde, resultatmål og strategiar for å nå måla (fra strategiplanen 2016- 2020):

- ✓ Satsningsområder 1: Handlingskompetanse i å lære, samhandle, kommunisere og delta
 - Resultatmål for skulane:
 - Skuleleiinga har kompetanse i, og leier arbeidet med, vurdering for og som læring på eigen skule.
 - Skuleleiinga synleggjer forventningar, gir støtte og etterspør lærarane sitt vurderingsarbeid.
 - Lærarane har høg kompetanse og praktiserer god vurdering for og som læring i kvar læringsøkt.
 - Lærarane analyserer læringsresultat systematisk for å tilpasse opplæringa til enkelteleven/elevgruppa.
 - Lærarane samarbeider slik at det blir progresjon i forventningar om elevane sine strategival i eiga læring.
 - Strategiar for å nå måla:
 - Skuleeigar organiserer og driv prosessar med skuleleiarane som set dei i stand til å utvikle vidare læring på eigen skule.
 - Skuleleiinga legg til rette for deling av fagleg og didaktisk kompetanse i lærande nettverk på eigen skule og på tvers av skular.
- ✓ Satsningsområdet 2: Kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta med fokus på eit trygt psykososialt skulemiljø
 - Resultatmål for skulane:
 - Skuleleiinga sikrar at alle tilsette har ei felles forståing av korleis vaksenrolla skal utøvast i eit trygt og læringsorientert skulemiljø.
 - Skuleleiinga sikrar at alle følgjer det kommunale rammeverket for eit trygt psykososialt skulemiljø.
 - Lærarane har kunnskap om, og syter for eit trygt psykososialt læringsmiljø for kvar enkelt elev og i elevgruppa.

- Lærarane samarbeider om å byggje eit trygt psykososialt miljø på skulen, med basis i eit felles elev og læringssyn.
- Strategiar for å nå måla:
 - Skuleeigar organiserer og driv prosessar saman med skuleleiarane som set dei i stand til å utvikle læringsmiljøet i tråd med det kommunale rammeverket.
- ✓ Satsningsområdet 3: Fagspesifikk kompetanse i realfag - med fokus på matematikk
 - Resultatmål:
 - Skuleleiinga leier arbeidet for å auke og dele matematikkdiraktisk kompetanse blant lærarane på eigen skule.
 - Skuleleiinga bruker system for å etterspørje elevane sitt læringsutbytte og progresjon.
 - Lærarane analyserer, reflekterer rundt og samhandlar om matematikkdiraktiske vegval.
 - Lærarane brukar arbeidsmåtar som gir auka motivasjon og forståing i faget.
 - Lærarane brukar vurdering for og som læring for å tilpasse opplæringa.
 - Strategiar for å nå måla:
 - Skuleeigar brukar ståstadanalysen med tilleggsmodular for arbeid med realfag som grunnlag for utarbeiding av utviklingsområde i realfag med fokus på matematikk.
 - Skuleeigar synleggjer forventningar, gir støtte og etterspør skulane sitt arbeid innan satsingsområdet.
 - Skuleeigar organiserer lærande nettverk i matematikk.
 - Skuleeigar gir kompetanseheving i matematikk.



Kontakt oss

Ole Willy Fundingsrud

Direktør

T +47 40 63 96 92

E ole.willy.fundingsrud@kpmg.no

Kari Hesjedal

Senior manager

T +47 40 63 96 59

E kari.hesjedal@kpmg.no

kpmg.no

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	08.09.16	17/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	217	

OPPFØLGING AV RAPPORT - SELSKAPSKONTROLL AV HAUGALAND KRAFT AS OG HAUGALAND NÆRINGS PARK AS

Vedlegg: 1. Brev frå Haugaland Kraft AS dagsett 27.04.16
2. E-post frå rådmannen av 30.08.16

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok enstemmig i møte 08.09.15, sak 55/15 følgjande:

1. *Tysvær kommunestyre tar Deloitte sin revisjonsrapport «Selskapskontroll – Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS» til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt rådmannen, representantskapet og selskapet sitt styre og leiinga for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Det vert gjeve tilbakemelding til eigarkommunane sine kommunestyre via kontrollutvala om korleis kommunestyrevedtaket er følgt opp innan 12 månader etter kommunestyret sitt vedtak.*

Tysvær kontrollutval vedtok 09.09.14, sak 19/14 etter invitasjon frå Karmøy kontrollutval å delta i ein selskapskontroll av Haugaland Kraft AS/Haugaland Næringspark AS. Dei andre eigarkommunane deltok også i prosjektet.

Haugaland Kraft AS med dotterselskap var blant dei prioriterte selskap i Plan for selskapskontroll i Sveio 2012-2016.

Mandat

Hovudformålet med selskapskontrollen var å undersøke og vurdere om selskapa hadde etablert system og rutinar for å sikre at selskapa driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.

Rapporten

Med dette som utgangspunkt gjennomførte Deloitte prosjektet hausten 2014 og våren 2015 basert på fjorten ulike problemstillinger. Rapport ble lagt fram for kontrollutvala og kommunestyra i eigarkommunane i løpet av 1. halvår 2015 eller 2. halvår 2015.

Revisorselskapet Deloitte kom med følgjande tilrådingar til selskapet:

- 1. Øker kvinneandelen i styret i Haugaland Næringspark slik at dette tilfredsstiller kravene i aksjeloven.**
- 2. Bidrar til at det gjennomføres dokumentert styreevaluering i henhold til styreinstruksen.**
- 3. Utarbeider rutiner som beskriver hvordan selskapets bestemmelser om habilitet skal praktisere, slik at kravene i forvaltningsloven og aksjeloven blir ivarettatt.**
- 4. Bidrar til at det enkelte styremedlem registrerer sitt styreverv i KS styreregister.**
- 5. Gjennomfører en strukturert og helhetlig risikovurdering knyttet til økonomiske misligheter.**
- 6. Utarbeide veiledning for styremedlemmer som representerer Haugaland Kraft i andre selskapsstyrer.**

Revisorselskapet Deloitte kom følgjande tilrådingar til eierkommunene:

- 1. Stille krav om at rapportering fra selskapet inneholder opplysninger som gjør det mulig for eierkommunene å følge opp at KS sine anbefalinger til god eierstyring etterleves.**
- 2. Endrer § 7 i vedtektene slik at de blir i tråd med aksjelovens § 6.1, hvor det framgår at styret i selskaper uten bedriftsforsamling, alltid selv skal velge sin leder.**

Tilbakemelding

I vedlagt brev av 27.04.16 (vedlegg 1) har Haugaland Kraft AS v/dir./visekonsernsjef Runar Areklett gjeve ein tilbakemelding på selskapskontrollen.

Her er det gjort greie for kva selskapa har gjort i forhold til revisor sine seks tilrådingar. I brevet skriv han at alle punkta er utført, men når det gjeld pkt. 4 er styremedlemmene blitt oppfordra til å registrere seg i KS sitt styreregister. Dette er ei frivillig ordning.

I vedlagt utskrift av e-post 30.08.16 (vedlegg 2) har økonomisjefen på vegne av rådmannen gjeve ei tilbakemelding på dei to tilrådingane som ble gjeve til eigarkommunane. Han skriv at det blir relativt likelydande tilbakemelding frå Tysvær som for andre kommunar i og med at dette er eit selskap som er eigd av mange kommunar.

Han skriv mellom anna:

Eigarkommunane har samarbeidd om utforming av ny eigarstrategi overfor selskapet. Karmøy leia denne prosessen på vegne av kommunane. Arbeidet starta opp våren 2014 og vart slutført våren 2015, og tek utgangspunkt i KS sine tilrådingar til god eierstyring.

Strategien legg opp til meir aktivt eigarskap med m.a endra rapportering til eigarane gjennom aktiv bruk av eigarmøta. Eigarstrategien vart vedtatt i kommunestyret 8. september 2015 under sak 56/15.

Det har tatt noko tid med å implementere den nye strategien m.a fordi Haugesund kommune først vedtok sin strategi våren 2016. Under generalforsamlinga i juni vart det vedteke (etter framlegg frå Karmøy kommune) at styret i eigarmøte til hausten skal orientere om arbeidet med å implementere eigarstrategien.

Når det gjeld pkt 2 , vises det til at vedtektene vart på generalforsamling i fjor.

Tysvær Kommunestyre hadde besøk av Olav Linga på kommunestyremøte 1. mars 2016.

Det har ikkje vore eigne saker med oppfølging som konsekvens av kommunestyret sitt vedtak i september 2015.

Eierskapsmeldingen for Tysvær er planlagt til formannskapet sitt møte 13. september , og kommunestyret 27. september.

Utvalet må drøfte om ein finn selskapet si og rådmannen si tilbakemelding som dekkjande for rapporten sine tilrådingar.

Som økonomisjefen skriv fekk kommunestyret ein orientering om Haugaland Kraft AS i kommunestyremøtet 01.03.16 ved konsernsjef Olav Linga og dir. Gunn Margareth Lassesen. De orienterte om struktur, resultatutvikling og samfunnsansvar.

